

Styremøte i Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane



28. sept 2020 Skype frå kl 20.00 til 22.00

Til stades: Laila Røneid, Inger Handegård, Hilde Rotihaug, Linn Didriksen Solsvik (vara)

Nr	Gjennomgang av saker frå forrige møte	Kven gjer kva når
	Referatet frå forrige møtet vart godkjent	
10/20	Dommarutdanning jakt Linn Didriksens Solsvik har fått bekrefta at ho har fått elevstatus frå NKK. Avdelingen ønsker at elevar får ein dommarelevperm på same måte som elevar som skal bli ettersøksdommarar.	Laila oversender til NSK sin jaktkomite
12/20	Dommarutdanning ettersøk Elevarbeid: Ernst Inge manglar eit ferskspor. Lars Gunnar er ferdig.	
14/20	Blodsporprøven på Eid 16. august Prøven gjekk greitt og prøven er godkjent.	
17/20	Bevegelege prøver blodspor og ferskspor Mange påmeldte – alle dei påmeldte har fått starte. Me har hatt 14 blodspor og 16 ferskspor.	Inger betalar ut dommarhonorar. Linn legg inn dommarelevar. Linn og Laila ferdigstiller.
18/20	Apportvilt Me har fått tak i apportvilt.	Inger ber om ny rekning frå Østfold. Linn kontaktar Hans.
20/20	Utstillinga i Naustdal Inger har bestilt hus i Naustdal – dette fekk me plutselig avbestilling på. Fekk heldigvis tak i ny hytte. Sjå ny sak ang. utstillinga.	
21/20	Økonomi Halvårsrapport vert lagt fram for styret via FB-gruppa. Dommarhonorar for alle dei ordinære prøvane er betalt ut.	Inger har ansvar
22/20	JAL og apport 5 på JAL og 3 på apport. Me hadde dommerelev. Prøven er ferdigstilt og godkjent.	
23/20	Bruksprøven 6 startande. Prøven er ferdigstilt og godkjent.	Hugs sende ei helsing til jul takk for lån
25/20	JAL/apport 2021 Dommar vert Tor Magne Gramstad og datoen er lørdag 28 august.	
26/20	Dommarseminar ettersøk/samling Hilde har hatt kontakt med hotell. Skal ta ny kontakt i november – blir i januar/februar. Dommarane vert forespurt om aktuell dato.	Hilde jobbar vidare Tek kontakt med KG ettersøk for eventuelt samarbeid
	Nye saker	
27/20	Økonomi Har bra økonomi i samsvar med budsjett. Manglar inntekt for bevegelege prøvar enno. Manglar rekning på rosettar, samfunnshus Heggjabygda. Har fått mange fine gåvepremiar til utstillinga.	Inger
28/20	Status prøvar 2020 Manglar å få ferdigstilt bevegelege blod og ferskspor for prøveperioden er ikkje ute.	Linn, Inger, Laila, Elin Anita ordnar med ferdigstilling
29/20	Prøvar/utstilling 2021 april – rallystevne Årdal – Seimsdalstunnelen er ei utfordring 12-13 juni- sporprøve Eid 19 juni – sporprøve Årdal Tidleg august - brukshundprøve – 2 dagars – kontakte dommar?	Alle må sjå vidare på datoar

	<p>28 august – jaktanleggsprøve – dommar er klar Bevegelege spor 1. periode ferskspor – for å få ferdig dommarelev. 2. periode ferskspor – til 31. august Blodspor 1. mai til 31. august 9-10 oktober Utstilling</p>	
30/20	<p>Utstilling 9-10 oktober 50 spaniels påmeldt – Sunnfjord 750 Vår rasedommer laurdag må dømme ei anna gruppa før vår spesialutstilling. Vår utstilling starter kl. 12.00 Det er leigd eit stort telt som vert sett opp mellom bygga slik at me har tak over hovudet. Søndagen er me inne. Me kårer BIS, BIS-kvelp, BIS-bruks, BIS-veteran Toalett? Elektronisk katalog – Sunnfjord hundeklubb lagar Me må lage PM som må sendast SHK Startar med springer, så cocker osv. Sunnfjordutstillinga har ingen finalar. Sunnfjord hundeklubb har ansvar for smittevern.</p>	<p>Laila og Inger lagar PM og premiekort Inger bestiller, pakker og merker Canelana premiar Laila ordnar RC + Dr. Baddaky- Leverer på utstilling fredag kveld</p>
31/20	<p>Kurs Inger har starta onlinekurs/treningsgruppe bruks Grunnleggende lydighet for jakthundar vinter – leige ridehall 1-2 dager Dommarsamling ettersøk Sporkurs i Sunnfjord og Årdal våren 2021</p>	<p>Inger Linn Hilde</p>
32/20	<p>Forespørsmål om å starte dommerutdanning ettersøk Eit medlem har spurt om å få starte dommarutdanning. Me set stor pris på engasjementet. Alle dommerelevar som avdelinga har anbefalt gjennom vår avdeling har dette som minimumskrav: 1: Krava til NKK for å få elevstatus 2: Reglene seier: <i>“Det legges stor vekt på kandidatens personlige eigenskaper.”</i> For at avdelinga skal ha kjennskap til personlege eigenskaper, må dei som me kan anbefale ha vore aktiv med sporarbeidet i avdelinga, lagt spor til fleire sporprøvar (bevegelege eller ordinære) og ha vore prøveleiar for sporprøver arrangert av avdelinga. Alt dette før me kan gi ei anbefaling.</p>	<p>Inger sender svar</p>

Neste styremøte: Slutten av tirsdag 27 oktober kl. 20.00

Sette dato prøvar og årsmøte – Laila lagar arrangement og kallar inn